

Velkommen på

# bondeboka.no

Her finn du ein oversikt over viktige spørsmål knytt til å eige og drive ein gard



Versjon 1.0, 10.02.2017

## Innhald

Kva skal du med <i>Bondeboka</i> ?	6
Kva er spesielt med landbruket i Hordaland?	6
Grovfôrproduksjon er størst	6
Berre fantasien set grenser	6
Å eige ein gard	6
Kjøp av gard og konsesjon	6
Konsesjon	7
Unntak som følgje av slektskap	7
Unntak som følgje av eigedomen si karakter	7
Bu- og driveplikt	8
Buplikt	8
Driveplikt	8
Gjerdeplikt og beiterett	8
Beiting i utmark	9
Allmenn ferdsel	9
Rettar som grunneigar	9
Oppstart og registrering	9
Registrere føretak	9
Einingsregisteret og organisasjonsnummer	9
Føretaksregisteret	9
Landbruksregisteret og produsentnummer	10
Enkelpersonføretak, AS, samvirke eller foreining	10
Samvirkeføretak (SA, tidlegare omtala som andelslag)	10
Ansvarleg selskap	10
Meirverdiavgiftsregistrering	11
Registrering av husdyrhald	11
Melding om dyrehold	11
Øyremerking av dyr	11
Dyrehaldjournal (Driftseiningsregister)	12
Husdyrregisteret	12
Økologisk godkjent produksjon	12

Gratis førsteråd .....	12
Å drive gard .....	13
Rekneskap og skatt.....	13
Rekneskapsplikt.....	13
Næringsoppgåve.....	13
Bokføringsplikt.....	14
Bilag .....	14
Faktura.....	14
Kvalitetssystem (KSL).....	14
Gjødsling, plantevernmiddel og avfall.....	15
Gjødslingsplan .....	15
Lagring av husdyrgjødsel .....	15
Bruk av husdyrgjødsel .....	15
Autorisasjon for plantevernmiddel .....	15
Sprøytejournal.....	15
Bruk av plantevernmiddel .....	15
Avfall.....	15
Tiltak som krev løyve.....	16
Å ikkje drive areala .....	16
Nydyrking, planering og mottak av massar .....	16
Kultivering av utmark til innmarksbeite .....	16
Omdisponering frå skog til innmarksbeite .....	16
Meldeplikt i artsrik slåttemark og kystlynghei .....	16
Skogsveg og andre landbruksvegar .....	16
Fjerning av steingard .....	17
Fjerning av kantsone langs vassdrag .....	17
Lukking av bekk og andre inngrep i bekk og elv .....	17
Bruk av plantevernmiddel i utmark og kantsonar.....	17
Samarbeid.....	17
Enklare og billegare .....	17
Maskinsamarbeid .....	17
Tett samarbeid kan gje redusert produksjonstilskot .....	18
Avløyсар på garden.....	18
Avløysering ved sjukdom og fødsel .....	18
Avløysering ferie og fritid.....	18
Offentleg og fagleg rådgjeving .....	18

Offentleg rådgjeving – kven gjer kva i forvaltinga.....	18
Fagleg rådgjeving.....	19
Fagлага.....	19
Driftsplan og investeringar .....	20
Gardskart.....	20
Stemmer ikkje kartet? .....	21
Kart i produksjonstilskot.....	21
Naturskade, erstatning og forsikring.....	21
Erstatning .....	21
Naturskade .....	21
Forsikring .....	22
Forsikring av skog .....	22
Tilskot og pensjon.....	22
Tidlempensjon for jordbrukarar .....	22
Pensjon .....	22
Korleis har du det i kvardagen din?.....	22
Kor er det hjelp å hente?.....	22
Mjølkeproduksjon .....	24
Mjølkekvote.....	24
Økologisk mjølkeproduksjon .....	24
Minsteproduksjon mjølk .....	24
Merking av dyr.....	25
Tilskot i mjølkeproduksjon .....	25
Lausdriftskravet, lufte- og beitekravet.....	25
Dyrevelferd.....	25
Lagring og spreining av gjødsel.....	26
Produksjon av storfekjøtt .....	26
Tilskotsordningar .....	26
Minsteproduksjon storfekjøtt.....	27
Produksjonstilskot storfe.....	27
Sauehald .....	27
Driftsformer sau .....	27
Minsteproduksjon sau.....	27
Merking av lam .....	28
Merking av småfe ved overføring frå ein buskap til ein annan.....	28
Sal av livdyr.....	28

Økologisk sauehald.....	28
Krav ved utegongerdrift .....	28
Sanking, beitelag og produksjonstilskot.....	29
Melding av rovdyrskadar.....	29
Tilskot saueproduksjon.....	29
Produksjon av svin og fjørfe .....	30
Konsesjon svin og fjørfe .....	30
Avtale om gjødsellevering .....	30
Tilskot til svine- og fjørfeproduksjon, inkludert egg.....	31
Frukt- og bærproduksjon.....	31
Rydde- og plantetilskot .....	31
Omsetning .....	31
Økologisk drift .....	32
Skogbruk.....	32
Forynging av skog .....	32
Skjøtsel av skog.....	33
Hogst.....	33
Forvaltaransvar.....	33
Skogfond.....	34
Skogsvegar .....	34
Andre produksjonar, tilleggsnæring og anna næring.....	34
Produksjon av lokalmat .....	35
Gardsbasert reiseliv.....	35
Inn på tunet.....	35
Andelslandbruk.....	35

# Kva skal du med Bondeboka?

*Bondeboka* gjev deg ei oversikt over viktige spørsmål knytt til å eige og drive ein gard. Vi har systematisert bondeboka ut frå sentrale tema i bondekvardagen, og på ein slik måte at du raskt finn fram til det du ønskjer å vite meir om. Mykje av innhaldet gjeld landbruket i Hordaland, og har vore etterspurt av både forvalting og bønder i fylket vårt.

Vi ønskjer deg lukke til med det gode og viktige arbeidet du gjer på garden din.

# Kva er spesielt med landbruket i Hordaland?

I Hordaland er husdyrproduksjon, som kumjølke og lammekjøtt, dei største produksjonane. Hardangerregionen er eit av dei beste områda for fruktdyrking i landet, og i nokre kommunar er det stor produksjon av svinekjøtt. Mykje av produksjonsskogen i Hordaland er granskog frå skogreisningstida, og er snart klar for hogst.

## Grovfôrproduksjon er størst

Mykje nedbør og små gardar med bratt terreng i deler av fylket set rammer for kva produksjonar som eignar seg i Hordaland. Mest alt jordbruksarealet vert nytta til grovfôrproduksjon. I tillegg er det noko fruktareal. Svinekjøtt, egg og fjørfe er basert på kraftfôr som innsatsfaktor og kan produserast nær sagt kor som helst, så lenge det er tilgang til spreieareal.

## Berre fantasien set grenser

Det er mange høve til næringsaktivitet, med utgangspunkt i landbrukseigedomar. Mange føretak satsar på reiselivsbaserte produkt som overnatting og opplevingar, smaksrike kjøttprodukt eller ostar, foredling av frukt og sider, anna matforedling eller Inn på tunet. Berre fantasien set grenser for kva ein kan gje seg i kast med.

Dei aller fleste gardbrukarane i fylket har annan jobb utanom det å vere bonde. Berre 7 prosent av dei rundt 3 000 gardbrukarar i fylket får meir enn 90 prosent av inntekta si som næringsinntekt frå jordbruk.

# Å eige ein gard

## Kjøp av gard og konsesjon

Du kan finne gardsbruk til sals på nettstader som [gardsbruk.no](http://gardsbruk.no) eller [finn.no](http://finn.no). Det er elles vanleg å kjøpe gard frå nær familie. Eit eigarskifte inkluderer kompliserte spørsmål knytt til jus, skatt, verdisetjing, finansiering med meir. Eit omfattande lovverk gjer at det er viktig med god oversikt, god planlegging og eventuelt fagleg hjelp. I samband med eigarskifte tek ein val for mange år framover, og prosessen kan vera prega av refleksjonar og sterke kjensler hos både seljar og kjøper.

Les meir om til dømes verdsetjing, skatt og overdraging i fleire trinn på [www.landkredittbank.no/veiledninger/fagsider-landbruk/](http://www.landkredittbank.no/veiledninger/fagsider-landbruk/) sine fagsider for landbruket.

## Konsesjon

Når ein overtek ein landbrukseigedom må ein anten søkje konsesjon, eller kommunen må stadfeste konsesjonsfridom. Reglane er like, uavhengig av om overtakinga skjer ved kjøp, gåve, arv eller odel. Bakgrunnen for at omsetnaden av fast eigedom vert kontrollert er, mellom anna, ønskje om å verne produksjonsareal i landbruket og å ha eigar- og brukstilhøve som er mest mogeleg til gagn for samfunnet.

Konsesjon inneber at ein får samtykkje til å overta eigedommen. Overtaking av fast eigedom er i utgangspunktet konsesjonspliktig, men det finst ei rekkje unntak. Dei fleste overtakingane er ikkje konsesjonspliktige, som følgje av eigedomen sin karakter, etter § 4 i konsesjonslova, eller den som overtek si stilling (slektskap), etter § 5 i konsesjonslova.

For å få tinglyst erverv av landbrukseigedom er det nødvendig at kommunen har fatta eit positivt vedtak om konsesjon, eller at ein kan stadfeste at ervervet ikkje er konsesjonspliktig. Ein nyttar då eigenfråsegn om konsesjonsfridom. Denne må vera stadfesta av kommunen. Fråsegna må deretter sendast inn til *Kartverket*, saman med andre nødvendige dokument knytt til ervervet.

Dersom overtakinga ikkje er konsesjonspliktig, må du sende eigenfråsegnskjema om konsesjonsfridom til kommunen. For å få tinglyst overtaking av landbrukseigedom må kommunen ha fatta eit positivt vedtak om konsesjon eller stadfesta konsesjonsfridom. Stadfestinga må du deretter sende til *Kartverket*, saman med andre nødvendige dokument knytt til overtakinga.

## Unntak som følgje av slektskap

Overtaking av landbrukseigedom frå nær slekt er oftast konsesjonsfri. Dette gjeld også ved overtaking av eigedom på odel.

Dersom ein eigedom med bustadhus har meir enn 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka jord, eller meir enn 500 daa produktiv skog, må du likevel oppfylle lovbestemt buplikt for at overtakinga skal vere konsesjonsfri. Dersom du ikkje skal eller kan busetje deg på eigedomen, må du søkje konsesjon. Les meir om dette under kapittelet *Buplikt*.

## Unntak som følgje av eigedomen sin karakter

Om eigedomen er konsesjonspliktig eller ikkje vil kome an på storleiken og om eigedomen er bygd på. Hovudregelen er at ein kan overta eigedom som er bygd på utan å søkje konsesjon, dersom eigedommen ikkje er større enn 100 dekar totalt og ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka areal.

Kommunen kan hjelpe til med å avklare om det er tale om ein konsesjonspliktig eigedom eller ikkje. Ein kan også sjå gardskart på *NIBIO* si heimeside ved spørsmål om arealstorleik. Det er også lagt ut ei oversikt over spørsmål og svar på heimesida til Landbruksdirektoratet. Her finn du dei mest vanlege spørsmåla, knytt til konsesjon. Det er her også lagt ut relevante rundskriv og lenker til lovverket.

Les meir:

[Landbruksdirektoratet – om konsesjon](#)

## Bu- og driveplikt

### Buplikt

I mange tilfelle vil det vere buplikt på garden. Denne kan vere lovbestemt eller gjeven som vilkår etter konsesjonslova.

Har du overteke ein landbrukseigedom innan nær slekt, kan du nytte deg av eigenfråsegnskjema om konsesjonsfridom – men det er viktig at du då er merksam på at du forpliktar deg til å busetje deg på garden innan eitt år og bu der i fem år. Dersom du ikkje skal/kan busetje deg på eigedomen innan denne fristen, må du søkje konsesjon. Det er ikkje mogeleg å søkje om utsetjing av buplikt når det er tale om lovbestemt buplikt.

I samband med konsesjonshandsaming kan det verte sett vilkår om buplikt etter konsesjonslova § 11, som følgje av omsynet til busetjing i kommunen. I mange tilfelle vil dette vilkåret vere i samsvar med det som går fram av den lovbestemte buplikta. Dette er eit vilkår som eventuelt kan lempast på ved søknad seinare, dersom du av ulike omstende ikkje kan oppfylle vilkåret innan den tid som er bestemt. Slik søknad skal i tilfelle sendast til kommunen. Dersom du allereie på tidspunktet for ervervet veit at du ikkje vil busetje deg på eigedomen, vil det ofte vere formålstenleg å klage på den delen av vedtaket, framfor å søkje om utsetjing av buplikt.

Les meir: [www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/boplikt](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/boplikt)

### Driveplikt

Driveplikta følgjer av jordlova § 8, og er knytt til jordbruksareal. Omgrepet jordbruksareal omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, slik desse er definert i gardskart, arealklassifisering frå *Skog og landskap*. Driveplikta gjeld uavhengig av storleik på arealet og om arealet ligg i område regulert til Landbruk-, natur- og friluftslivområde (*LNF-område*) i kommuneplanen eller ikkje. Det er eigaren som må sørge for at driveplikta er oppfylt. Dette gjeld uavhengig om tidligare eigar hadde fritak. Det kan søkjast om fritak frå driveplikta. Søknad skal sendast til kommunen, men det er i utgangspunktet ein høg terskel for å få slike søknader innvilga. Driveplikta inneber at produksjonseigenskapane vert oppretthaldne og at areala, i utgangspunktet, skal haustast og kultiverast årleg.

Les meir: [www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/driveplikt](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/driveplikt)

## Gjerdeplikt og beiterett

Eit gardsbruk har oftast gjerdeplikt for ulike gjerdestrekk, noko du må få oversikt over ved overtaking. Ein kan vere pålagd gjerdeplikt gjennom skylddeling, skjønn, utskifting eller avtale. Dersom du er pålagt gjerdeplikt, pliktar du å oppretthalde gjerdinga fram til du eventuelt vert friteken for gjerdeplikta ved avtale eller gjerdeskjønn. Det at du ikkje lenger driv med husdyr, fører altså ikkje til at gjerdeplikta sluttar å gjelde.

Ved oppsett av nytt gjerde eller dersom jordskifteretten skal avgjere gjerdeplikt i form av jordskifteskjønn, er grannegjerdelova og beitelova aktuelt regelverk. Det er då ein hovudregel at den som har størst nytte av gjerdet må bere tilsvarande største del av kostnaden. Gjerdelova løyser ikkje vanskaner med manglande gjerdehald når eigedommane ikkje er tilgrensande naboar. Etter beitelova pliktar husdyreigaren å syte for at dyra ikkje kjem inn på område der ein ikkje har rett til å ha dei.



Les meir:

[www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1961-06-16-12?q=beitelov](http://www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1961-06-16-12?q=beitelov)

[www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1961-05-05?q=gjerdelov](http://www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1961-05-05?q=gjerdelov)

### Beiting i utmark

Som grunneigar har ein rett til å nytte beite i utmark der ein er eigar eller har beiterett. Særleg i låglandet kan vere vanskar knytt til dette, då det ofte er manglande gjerdehald mellom utmarka og innmarka hos andre grunneigarar. Som hovudregel har alle rett til å setje opp gjerde mot naboen, men gjerdehald mellom kvar eigedom i utmarka vil føre med seg store kostnader i forhold til nytten av beitet. Det vil oftast vere meir rasjonelt å få til samarbeid om større beiteområde og felles gjerdehald for fleire eigedomar. Utmarkseigar har ikkje plikt til å halde gjerde mot hyttetomter.

### Allmenn ferdsel

Det er friluftsløva som regulerer allmenn ferdsel. I utmark vil det vere rett til allmenn ferdsel, men det kan vere avgrensa i samband med planteskogfelt og liknande. På innmark kan ein ferdest når det er frost eller snø på marka, men ikkje i perioden frå 30. april til 14. oktober. Det vil likevel vere mogleg å gå gjennom innmark for å kome seg til utmark, der det er opparbeida sti eller veg. Ferdselsretten gjeld ikkje gjennom gardstun, og når ferdsla vil vere til utilbørleg trengsel eller ikkje skjer varsamt.

Les meir:

[www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16?q=friluftslov](http://www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16?q=friluftslov)

### Rettar som grunneigar

Som grunneigar vil du ha rettar knytt til eigedomen ved at du kan nytte deg av ressursane på eigedomen. Dette vil kunne vere knytt til vassdrag, fiske og jaktrettar. Vidare vil du ha rettar knytt til hogst og beite. Det er viktig at du er merksam på at dei rettane du har også vil kunne føre til pliktar. Til dømes har skogeigar eit forvaltaransvar etter skogbrukslova § 4.

[Les også om gjerdeplikt og beiterett.](#) Det er viktig å ta kontakt med landbruksansvarleg i kommunen om du er usikker.

## Oppstart og registrering

### Registrere føretak

#### Einingsregisteret og organisasjonsnummer

For å kunne søkje om tilskot treng du eit registrert føretak i *Einingsregisteret i Brønnøysund*.

Registreringa er gratis og du får eit organisasjonsnummer. Informasjon om etablering og registrering av føretak finn du på [www.brreg.no](http://www.brreg.no) eller [www.altinn.no/no/Starte-og-drive-bedrift](http://www.altinn.no/no/Starte-og-drive-bedrift). Du kan også ringje *Brønnøysundregistra* for bedriftsretteleing, på telefon 800 33 840.

#### Føretaksregisteret

Enkeltpersonføretak som har meir enn 5 tilsette eller driv sal av innkjøpte varer, må i tillegg registrere seg i føretaksregisteret. For andre enkeltpersonføretak er det ikkje plikt til registrering i føretaksregisteret. Det er krav om registrering i føretaksregisteret for aksjeselskap (AS), ansvarlege selskap (ANS og DA), samvirkeføretak (SA) og foreiningar/stiftingar som driv næringsverksemd.

## Landbruksregisteret og produsentnummer

Etter at eit landbruksføretak er registrert i *Einingsregisteret*, vert det som regel automatisk registrert i *Landbruksregisteret*. Når føretaket er registrert i *Landbruksregisteret*, får du eit produsentnummer. Dette treng du mellom anna når du skal tinge øyremerke til dyra, levere dyr til slakteri eller produsere mjølk. Kontakt kommunen for meir informasjon.

## Enkeltpersonføretak, AS, samvirke eller foreining

Ved tradisjonell gardsdrift er det oftast mest formålstenleg at drifta skjer i eit enkeltpersonføretak (ENK). Det er låge administrative kostnader og som bonde er du då betre sikra med sjukepengar, fødselspengar, og du er sikra jordbruksfrådrag.

Aksjeselskap (AS) i landbruket er mest aktuelt der ein treng stor innsats av kapital og risikoen er stor, til dømes ved omlegging til satsing på ein spesialproduksjon. Dersom selskapet går konkurs, er det berre aksjekapitalen som går tapt. Det kan vere vanskelegare for eit AS å få konsesjon til kjøp av landbrukseigedom, då det er ønskjeleg at landbrukseigedomar i størst mogleg grad er eigd av fysiske personar, som bur på eigedom og driv han. Der ein set i gang verksemd utanfor det tradisjonelle landbruket, til dømes i form av hytteutbygging, kan dette verte lagt i eit eige aksjeselskap. Ved å leggje drifta i eit AS vert gardbrukaren sett på som tilsett i selskapet, og ein må betale arbeidsgivaravgift. Ein har ikkje rett til jordbruksfrådrag, då dette berre vert gjeve til personleg eigar av landbrukseigdommen. Eit AS vil, på lik linje med eit enkeltpersonføretak, i utgangspunktet ha rett til produksjonstilskot, erstatning for avlingskade og avløyssarrefusjon for ferie og fritid, men med nokre avgrensingar.

## Samvirkeføretak

Samvirkeføretak (SA) var tidlegare kalla andelslag eller lutlag. Å organisere drifta i eit samvirke er særleg aktuelt når medlemene deltek aktivt i verksemda for å auke inntekta eller redusere kostnadene for den enkelte, til dømes ved felles marknadsføring, sal eller innkjøp. Det må vere minst to medlemmer, som er ansvarlege berre for innbetalt andel. SA kan vere ei godt eigna organisasjonsform for nokre tilleggsnæringar. SA vert tilrådd for frivillig stifta veglag for skogsbilveg. (Sjå *Skogkurs* sin rettleiar om organisering av private skogsbilvegar.) Maskinlag/maskinring, fôrdyrkingslag og liknande kan også vere aktuelt å organisere som SA, eventuelt som ANS eller foreining.

Ein viktig grunn til å registrere ein mindre organisasjon er behovet for å få organisasjonsnummer, til dømes for at organisasjonen skal kunne få eit eige bankkontonummer. For små lag som vêrlag, mindre veglag med vidare, kan foreining eller tingrettsleg samvirke vere meir aktuelt enn eit samvirkeføretak. Mindre samarbeidsformer utan behov for eige organisasjonsnummer må vurdere om ein skal la vere å gå inn i ei organisert føretaksform.

## Ansvarleg selskap

Eit ansvarleg selskap er eit selskap der to eller fleire deltakarar har uavgrensa, personleg ansvar for pliktene til selskapet. Det finst to ulike former for ansvarleg selskap:

1. Ansvarleg selskap (ANS), der deltakarane har uavgrensa, personleg ansvar for pliktene til selskapet (solidarisk).
2. Ansvarleg selskap med delt ansvar (DA), der deltakarane har delt ansvar for pliktene til selskapet.

Meir informasjon om føretaksform på <http://www.brreg.no>, eller ta kontakt med rekneskapskontor, faglag, *Norges Vel*, landbruksjurist eller annan rådgjevarar.

## Meirverdiavgiftsregistrering

Når føretaket passerer kr 50 000,- i omsetning i løpet av dei siste 12 månadene skal du søkje om registrering i mva-registeret. Merk at perioden strekkjer seg over dei siste 12 månadene, uavhengig av kalenderår.

Når verksemda er registrert:

- skal du spesifisere mva på fakturaer du skriv sjølv, frå og med den fakturaen som overstig beløpsgrensa.
- kan du få refundert mva på innkjøp. Det er også mogleg å få refundert inngåande mva på varer og tenester du har kjøpt inn i oppstartsfasen, før verksemda var mva-registrert. Dette gjeld på visse vilkår.
- skal du levere mva-melding (tidlegare omsetningsoppgåve) for primærnæringa, med frist 10. april.

Du får tilbakebetalt mva du har hatt på innkjøp, med fråtrekk for mva på varer du har selt. Du har ikkje lov til å rekne mva på fakturaer du skriv eller trekkje frå mva på innkjøp før du er registrert i mva-registeret.

Meir informasjon: <http://www.altinn.no> og <http://www.skatteetaten.no>.

## Registrering av husdyrhald

### Melding om dyrehald

*Mattilsynet* skal ha beskjed når du startar opp med eller tek over husdyrhald. Dette gjer du gjennom *Mattilsynet* si skjematjeneste med elektronisk id. Gå inn på *Skjema – Andre skjema – Nytt dyrehold*. Du skal også melde frå dersom du byggjer ny driftsbygning, skal gjere vesentleg ombygging eller gjer vesentlege endringar i drifta.

Krav til registrering har årsak i dyrevelferd og handtering av smittsamme sjukdommar. Rett registrering er ein føresetnad for tinging av øyremerke, rapportering til Husdyrregisteret og for levering til slakt.

Les meir: [www.mattilsynet.no/skjema/](http://www.mattilsynet.no/skjema/)

Les meir: [www.sso.dfo.no/pkmslogin.form](http://www.sso.dfo.no/pkmslogin.form)

### Øyremerking av dyr

Alle produksjonsdyr i Noreg skal vere merka med øyremerke. For storfe og småfe skal øyremerket vere godkjent av *Mattilsynet*. Første siffer i individnummeret skal normalt vise kva år dei er fødd, til dømes 6 eller 16 for dyr fødd i 2016. Lam og kje skal verte merka før dei er 30 dagar gamle og før dei forlèt dyrehaldet dei er fødd i. Dyret må vere merka i samsvar med forskrifta for å kunne verte levert til slakteri.

Les meir:

[www.mattilsynet.no/dyr\\_og\\_dyrehold/produksjonsdyr/merking\\_og\\_registrering\\_av\\_produksjonsdyr/oremerker\\_til\\_produksjonsdyr.4884](http://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/merking_og_registrering_av_produksjonsdyr/oremerker_til_produksjonsdyr.4884)

## Dyrehaldjournal (Driftseiningsregister)

For storfe, småfe, svin, lama og oppdrettshjort er det krav om dyrehaldjournal. Her må du fortløpande notere mellom anna dyret sitt unike individnummer, fødselsdato, dødsdato/slaktedato og foreldreidentitet. Vidare må du notere flytting inn og ut av dyrehaldet og andre situasjonar der dyra kjem i kontakt med dyr frå andre dyrehald. Du må også føre oversikt over sjukdom og behandling av alle dyra som til ein kvar tid er i dyrehaldet, inkludert førebyggjande helsearbeid.

Les

meir: [www.mattilsynet.no/dyr\\_og\\_dyrehold/produksjonsdyr/merking\\_og\\_registrering\\_av\\_produksjonsdyr/driftsenhetsregister\\_dyreholdjournal.4947](http://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/merking_og_registrering_av_produksjonsdyr/driftsenhetsregister_dyreholdjournal.4947)

## Husdyrregisteret

*Husdyrregisteret* er det offisielle registeret for storfe, småfe og svin i Noreg, tilsvarande folkeregisteret. Du er sjølv ansvarleg for å gje rette opplysningar til *Mattilsynet* fortløpande. Du må mellom anna rapportere flytting av dyr (kjøp/sal). For småfe er det også krav om årleg rapportering av tal dyr per 1. januar. Fristen er 31. januar. Dyrehaldarar som har søkt om produksjonstilskot, skal ikkje rapportere dette sjølv. For storfe er det også krav om å rapportere fødsler og dødsfall/slaktning. Flytting, fødsel og død/slakt skal meldast innan 7 dagar etter at hendinga fann stad. Medlemmer i *Kukontrollen* eller *Storfekjøttkontrollen* rapporterer via rådgjevaren der. Andre rapporterer direkte til *Husdyrregisteret*.

Les meir:

[www.altinn.no/no/Forms-and-services/Etater/Mattilsynet/Husdyrregisteret/](http://www.altinn.no/no/Forms-and-services/Etater/Mattilsynet/Husdyrregisteret/)

## Økologisk godkjent produksjon

*Debio-godkjenning* er ein føresetnad for å kunne selje og marknadsføre produkta dine som økologiske. Dette er forbrukaren sin tryggleik for at produksjonen er driven etter regelverket for økologisk landbruk, og det er *Debio* som godkjenner økologisk landbruksproduksjon og foredla produkt i Noreg. Dersom du skal selje økologiske produkt, anten det gjeld kjøt til slakt eller syltetøy, må både planteproduksjonen, dyra og det foredla produktet ditt vera godkjente av *Debio*. Ein revisor kjem på gardsbesøk kvart år og fornyar godkjenninga di.

## Gratis førsteråd

Er du usikker på korleis du skal drive garden økologisk kan du få eit *Økologisk førsteråd* frå *Norsk landbruksrådgiving (NLR)* – eit gratis gardsbesøk med tilrådingar i ein rapport i etterkant av besøket. Vil du melde deg inn i *Debio* og få øko-godkjenning på garden din, kan NLR hjelpe deg med å lage ein *Øko-plan*. Denne viser korleis du vil drive garden innanfor regelverket til økologisk landbruk. Planen må sendast saman med søknad om tilknytning til *Debio*. Når garden din har fått godkjenning har du rett til å søkja om økologisk tilskot både for areal og dyr som er økologisk godkjente. Det er eit tilskot som kjem i tillegg til vanleg produksjonstilskot. Les meir om vilkår og satsar i rettleiinga for produksjonstilskot.

Vil du ha ei rask innføring til dei viktigaste punkta i regelverket, så kan du lese meir

her: [www.debioinfo.no/s.cfm/121/Praktiske-veiledere-til-regelverk](http://www.debioinfo.no/s.cfm/121/Praktiske-veiledere-til-regelverk)

Ønskjer du kontakt med ein rådgjevar i Norsk Landbruksrådgiving, og få eit øko-råd, kan du lese meir

her: [www.nlr.no/raadgivingstilbud/nlr-okologisk/](http://www.nlr.no/raadgivingstilbud/nlr-okologisk/)

Informasjon om innmelding i *Debio*: [www.debio.no/landbruk/soeknad-om-tilknytning](http://www.debio.no/landbruk/soeknad-om-tilknytning)

Regelverk for økologisk landbruk:

[www.mattilsynet.no/om\\_mattilsynet/gjeldende\\_regelverk/veiledere/veileder\\_b\\_utfyllende\\_informasjon\\_om\\_okologisk\\_landbruksproduksjon.2651/binary/Veileder%20B.%20Utfyllende%20informasjon%20om%20%C3%B8kologisk%20landbruksproduksjon](http://www.mattilsynet.no/om_mattilsynet/gjeldende_regelverk/veiledere/veileder_b_utfyllende_informasjon_om_okologisk_landbruksproduksjon.2651/binary/Veileder%20B.%20Utfyllende%20informasjon%20om%20%C3%B8kologisk%20landbruksproduksjon)

Regelverk for økologisk foredla produkt:

[www.mattilsynet.no/om\\_mattilsynet/gjeldende\\_regelverk/veiledere/veileder\\_a\\_felles\\_veileder\\_for\\_okologisk\\_landbruksproduksjon\\_og\\_videreforedling\\_av\\_okologiske\\_produkter.2650/binary/Veileder%20A.%20Felles%20veileder%20for%20%C3%B8kologisk%20landbruksproduksjon%20og%20videreforedling%20av%20%C3%B8kologiske%20produkter](http://www.mattilsynet.no/om_mattilsynet/gjeldende_regelverk/veiledere/veileder_a_felles_veileder_for_okologisk_landbruksproduksjon_og_videreforedling_av_okologiske_produkter.2650/binary/Veileder%20A.%20Felles%20veileder%20for%20%C3%B8kologisk%20landbruksproduksjon%20og%20videreforedling%20av%20%C3%B8kologiske%20produkter)

OIKOS er interesseorganisasjonen for både forbrukarar og produsentar som er interesserte i økologisk drift. Les meir på deira nettside: [www.oikos.no/newsread/](http://www.oikos.no/newsread/)

## Å drive gard

Regelverk er ein viktig del av velferdssamfunnet. For deg som gardbrukar kan det vere mange gjeldande lover og forskrifter. Hugs at du som bedriftsleiar er ansvarleg for at drifta føregår i samsvar med gjeldande regelverk. Landbrukskontor og rådgjevarar vil gjere sitt beste for at du får korrekt informasjon, men hugs at ansvaret ligg hos den som driv garden.

Regelverk kan vere lover, forskrifter, rundskriv og retningsliner. Rundskriv og retningsliner gjev meir detaljerte og utfyllande reglar enn lover og forskrifter. Dersom du ønskjer å slå direkte opp i lover og forskrifter, finn du dette på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no). Rundskriv og retningsliner for dei ulike ordningane finn du på nettsidene til det organet som forvaltar ordninga.

### Rekneskap og skatt

Utfyllande informasjon finst på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) og [www.altinn.no](http://www.altinn.no), mellom anna under menyen *Starte og drive bedrift*.

### Rekneskapsplikt

Dei fleste enkeltpersonføretaka i landbruket har avgrensa rekneskapsplikt. Ein slepp då å utarbeide fullstendig årsrekneskap til Rekneskapsregisteret i Brønnøysund. Føretak som har full rekneskapsplikt er mellom anna alle aksjeselskap, enkeltpersonføretak med over 20. mill. kr i eigendelar, samvirkeføretak med meir enn 2 mill. kr i salsinntekt og ansvarlege selskap med fleire enn 5 deltakarar. Når ein har rekneskapsplikt, har ein normalt også revisjonsplikt.

### Næringsoppgåve

Dersom enkeltpersonføretaket har brutto driftsinntekt over kr 50 000 i løpet av ein 12-månaders periode er du pliktig å registrere deg i *meirverdiavgiftsregisteret*.

Næringsoppgåva skal leverast uavhengig av kor stor omsetning du har og om føretaket er i drift eller ikkje, så lenge det vert vurdert som verksemd. Næringsoppgåva inneheld resultatrekneskap og balanse, i tillegg skal skjema for utrekning av personinntekt leverast.

Næringsoppgåva må vere basert på rekneskap, med dokumentasjon (bilag/kvittering) som fyller krava i lova. Det er ikkje krav til å ha rekneskapsfører til å hjelpe deg med rekneskapen. Du har uansett sjølv ansvar for at rekneskapen er korrekt.

### Bokføringsplikt

Alle som leverar næringsoppgåve og/eller omsetningsoppgåve for meirverdiavgift (mva) har bokføringsplikt. Dette inneber at du må føre rekneskap etter reglane i bokføringslova og bokføringsforskrifta, til dømes med løypande bokføring, dokumentasjon/bilag, spesifikasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar.

Enkeltpersonføretak som ikkje er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, og med brutto driftsinntekt under kr 50 000, kan vere friteke for levering av næringsoppgåve. I så fall har du heller ikkje bokføringsplikt. Du må likevel dokumentere alle inntekter og kostnader, og oppbevare dokumentasjon etter reglane i bokføringslova. Rekneskapen kan vere nødvendig dokumentasjon for tilskot, erstatningar og anna.

### Bilag

Kostnader og inntekter skal, i følgje rekneskapslova, vere kopla til bilag. Bilag kan vere ei kvittering, ein faktura, ein rekning eller ein nota. Alle bilag må innehalde nummer, dato, namn på seljar og kjøpar, type og omfang av vara/tenesta, tidspunkt og stad for levering, vederlag, forfall og eventuelle avgifter (mva).

### Faktura

Etter at du har levert ei vare eller teneste skal du sende ut faktura snarast mogleg, og seinast etter ein månad. Fakturaen skal innehalde fakturanummer, namn og organisasjonsnummer på føretaket ditt, namn eller organisasjonsnummer til kunden, dato for fakturering, forfall, type teneste og sum. Dersom du er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, skal du spesifisere meirverdiavgifta på fakturaen. Det er eit absolutt krav at det står MVA med store bokstavar etter organisasjonsnummeret ditt. Fakturanummeret skal anten vere førehandsnummerert eller generert elektronisk i eit datasystem. Dersom det er feil på ein faktura du har laga, skal han ikkje kastast. Du må lage ein kredittnota på den delen av beløpet som er feil. Dei fleste føretak i landbruket er berre registrerte i einingsregisteret i Brønnøysundregistra. Dei som vel å registrere seg i føretaksregisteret i tillegg, må skrive *Føretaksregistrert* på fakturaen.

### Kvalitetssystem (KSL)

KSL er bondens eige system for å styre og dokumentere kvaliteten i produksjonen slik at maten held høg kvalitet og at produksjonen tek omsyn til både dyr, menneske og miljø. Kvalitetssystemet fangar opp *Mattilsynet* sine krav til primærproduksjon og *Arbeidstilsynet* sine krav til helse, miljø og sikkerheit (HMS).

For å fylle KSL-krava må ein gjennomføre eigenrevisjon årleg, sende tilbakemelding til *KSL Matmerk* om dette og rette opp i avvik. Eigenrevisjon vert gjort ved å fylle ut sjekklister, til dømes for garden generelt, medisinbruk og for den aktuelle produksjonen. Utan KSL får du trekk i prisen på varer som vert levert til meieri, slakteri og fruktlager.

Les meir: [www.matmerk.no/no/ksl](http://www.matmerk.no/no/ksl)

## Gjødsling, plantevernmiddel og avfall

### Gjødslingsplan

For å ha rett til produksjonstilskot og tilskot frå *Regionalt miljøprogram* må du ha gjødslingsplan, som er oppdatert før kvar vekstsesong. Dersom det er liten forskjell på korleis teigane vert brukte frå år til år, kan du sjølv føre på eventuelle endringar og nytt årstal. Føretak med få dyr kan søkje kommunen om fritak frå kravet om gjødslingsplan.

### Lagring av husdyrgjødsel

Pass på å ha nok lagerkapasitet for husdyrgjødsel. Du må planleggje godt. Gjødselmengd frå kvart dyr og mengde vaskevatt vert ofte underestimert. Det er krav om å kunne lagre husdyrgjødsel for minimum 8 månaders produksjon, men i praksis har du ofte behov for lagringskapasitet i 10 månader.

### Bruk av husdyrgjødsel

Gjødsla bør berre verte brukt når graset veks og når du skal hauste avlinga etterpå. Det er fristar for kor tidleg ein kan gjødsle om våren og kor seint du kan gjødsle om hausten. Gjødslinga kan berre skje på godkjent spreieareal. Dersom du ikkje har nok spreieareal for gjødsla, må du inngå avtale om levering eller leige spreieareal. Spør kommunen om råd.

Les meir: [www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Gjodsel/](http://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Gjodsel/)

### Autorisasjon for plantevernmiddel

Alle som vil kjøpe eller bruke plantevernmiddel i yrkessamanheng må ha eit gyldig autorisasjonsbevis. Ta først kontakt med kommunen for å høyre om du har rett til å kunne få slik autorisasjon. Ein kan ikkje få autorisasjon til kulturlandskapsskjøtsel eller hobbydrift. Når du skal ha bevis for første gang, består kurset av teoridel, obligatorisk praksisdag og eksamen. Teoridelen kan du, til dømes, ta på kurs hos *Norsk Landbruksrådgiving Vest* eller på jordbrukskulane. Du kan også ta det som sjølvstudium. Autorisasjonen gjeld i 10 år frå avlagt eksamen.

### Sprøytejournal

All bruk av plantevernmiddel skal førast opp i ein sprøytejournal. Journalen skal mellom anna innehalde dosering, kva ein sprøyter mot, tidspunkt for sprøyting, vurdering av andre tiltak utan sprøyting og vurdering av tiltak for å redusere skade på vassmiljø.

### Bruk av plantevernmiddel

Plantevernmiddel skal berre brukast slik det står på etiketten. Middel som ikkje lenger er godkjent for bruk, må du levere til avfallsmottak. Du må merke og varsle sprøyting som skjer langs veg, og om du ventar besøk på garden. Bruk av plantevernmiddel i utmark og i kantsonar kan krevje løyve frå kommunen. Sjå *Å Drive gard / Tiltak som krev løyve*.

### Avfall

Alt avfall frå landbruket er næringsavfall og må sorterast og leverast til godkjent mottak. Forsøpling på garden er ikkje lov. Dette gjeld også lagring av brukte gjenstandar som verkar skjemmande eller kan vere til skade for miljøet.

Det er forbode med fylling eller brenning av avfall på garden. Komposteringsplass for kassert fôr og anna organisk avfall må plasserast slik at sigevatt ikkje går ut i bekk eller elv. I nokon kommunar kan det vere lov å brenne kvist og hageavfall. Spør brannvesenet. Daude dyr og slakteavfall må leverast til destruksjon. Det er ikkje tillate å grave ned slakteavfall utan løyve frå *Mattilsynet*.

Les meir om gjødsel, plantevernmiddel og avfallshandtering på nettsidene til *Fylkesmannen i Hordaland*.

### Tiltak som krev løyve

Det er mange tiltak du må ha løyve for å gjennomføre. Her kjem ei liste med tiltak som er søknadspliktige:

#### Å ikkje drive areala

Det er krav til drift av alt jordbruksareal. Dersom du ikkje ønskjer å drive arealet i ein periode, må du søkje kommunen om fritak frå driveplikta. Sjå *Å eige ein gard – Bu- og driveplikt*.

#### Nydyrking, planering og mottak av massar

Dersom du skal dyrke opp eit nytt areal eller planere eksisterande areal, må du søkje kommunen om løyve. Mottak av jord og stein frå entreprenørar / utbygging kan bidra til å få eit betre resultat ved dyrking eller planering. Dess større prosjektet er, og dess større konsekvensar det kan gje for miljø og naboar, dess fleire krav vert stilt. Ver merksam på at jordmassar kan innehalde miljøgifter og bygningsavfall. Du må unngå at jordpartiklar renn ut i vassdrag, og du må sikre at både drenering og jordstruktur vert utført slik at arealet er godt eigna for dyrking etterpå. Spør gjerne om hjelp frå kommunen eller landbruksrådgjevarar.

#### Kultivering av utmark til innmarksbeite

Bruk av husdyrgjødsel i utmark er normalt forbode. Dersom du har behov for meir innmarksbeite, kan du søkje kommunen om løyve for å bruke husdyrgjødsling som del av oppkultivering av utmark. Du bør då ha ein plan for gjerding og kultivering, som også viser kva tid innmarksbeitet skal vere ferdig til godkjenning i kommunen. Kommunen må registrere endringane i kart før du kan få produksjonstilskot for arealet.

#### Omdisponering frå skog til innmarksbeite

Det er plikt til nyplanting av skog innan 3 år etter hogst. Dersom du, i staden for, vil ta arealet i aktiv bruk til innmarksbeite, fell denne foryngingsplikta bort. Du må då søkje kommunen om omdisponering av arealet. Vanleg utmarksbeiting i skogen er ikkje søknadspliktig, dersom det ikkje inkluderer grøfting, planering, fjerning av stein eller andre tiltak. Ved beiting på skogsareal, utan at arealet vert gjort om til innmarksbeite, er det framleis krav til nyplanting.

#### Meldeplikt i artsrik slåttemark og kystlynghei

Du har plikt til å gjere deg kjend med om du har utvalde naturtypar på eige eller leigd areal, og kva som kan vere til skade for naturtypen. (sjå [www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Prioriterte-arter/Utvalgte-naturtyper/](http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Prioriterte-arter/Utvalgte-naturtyper/)) Dei mest aktuelle utvalde naturtypane i landbruksdrifta er artsrik slåttemark og kystlynghei. På artsrik slåttemark må graset verte slått seint i sesongen og fjerna frå arealet, og du må unngå gjødsling. Oftast er det gunstig med kraftig beiting vår og haust. Kystlynghei må verte svidd og beita med nok dyr.

Dersom du vil gjere andre tiltak enn dei som er tilrådd, må du sende melding/søknad til kommunen. Dette gjeld også for jordbrukstiltak som normalt ikkje krev løyve. Du kan ikkje utføre tiltaket før du har fått skriftleg tilbakemelding frå kommunen. Kommunen kan anten gje løyve, gje løyve med vilkår eller nekte at tiltaket vert utført. Døme på tiltak som krev melding/søknad kan vere gjødsling av artsrik slåttemark, hestebeiting på artsrik slåttemark eller kraftig oppgjødsling i kystlynghei.

#### Skogsveg og andre landbruksvegar

Ved bygging av skogsveg eller annan landbruksveg må du søkje kommunen om løyve. Dette er regulert i forskrift, sjå [www.skogsvei.no/6\\_soknad\\_om\\_bygging.cfm](http://www.skogsvei.no/6_soknad_om_bygging.cfm).



## Fjerning av steingard

Fjerning av steingard krev løyve frå kommunen etter forskrift om regionalt miljøtilskot og forskrift om produksjonstilskot. Steingard i god stand, og som er viktig for området, vil du ofte ikkje få løyve til å fjerne, men det er større grunn til å få løyve dersom det er viktig for drifta. Framfor fjerning av steingard, kan du også vurdere om det er aktuelt å setje den i stand. Du kan søkje kommunen om tilskot til dette. Steingardar eller restar av steingardar som er bygde før år 1537 er automatisk freda, og kan ikkje fjernast.

## Fjerning av kantsone langs vassdrag

Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon langs vassdrag. Naturleg vegetasjon gjer elva meir eigna som levested for fisk og andre organismar. Vegetasjon vil redusere avrenning av næring og jord frå landbruksareal. Kommunen kan avgjere breidda på vegetasjonsbelte. Det kan vere lov med noko skjøtsel i kantvegetasjonen, dersom det er viktig for å unngå utrasing av murar eller anna. Spør kommunen om råd. Ved nydyrking må du setje att 6 meter brei vegetasjonssone, der det er årssikker vassføring.

## Lukking av bekk og andre inngrep i bekk og elv

Kontakt kommunen dersom du ønskjer å leggje bekk i røyr, kanalisere, ta ut massar, sikre mot erosjon, bygge flaumvoll, seinke elveløp eller anna i tilknytning til vassdrag. Du må, saman med kommunen, vurdere om tiltaket får konsekvensar for flaumfare, naturverdiar og kulturverdiar. Store tiltak kan krevje konsesjon frå *Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE)*. Tiltak som kan skade fisk og andre organismar i ferskvatn krev løyve frå Fylkesmannen. Tiltak som ikkje kan gjere slik skade kan godkjennast av kommunen etter Forskrift om produksjonstilskot. Du kan få tilskot til å opne bekkar som tidlegare har vore lukka. All fjerning av grus eller masse kan gjere stor skade på elvemusling, gyteplassar for laks og sjøaure og anna liv i elva.

## Bruk av plantevernmiddel i utmark og kantsonar

Dersom du skal bruke plantevernmiddel i utmark, må du søkje kommunen om løyve når arealet er 15 daa eller større. For mindre areal er det tilstrekkeleg å sende melding til kommunen. Bruk av plantevernmiddel i kantsonar er forbode med unntak av stubbebehandling. Du kan likevel søkje kommunen om løyve. Kommunen har eigne skjema for sprøyting i utmark og i kantsonar. Les også om bruk av plantevernmiddel på *Å drive ein gard – Gjødslingsplan og bruk av plantevernmiddel*.

Forskrift om plantevernmiddel: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-05-06-455>

## Samarbeid

### Enklare og billegare

Samarbeid i landbruket er ønskjeleg. Det kan redusere kostnader og forenkle arbeidet. Dess større omfang samarbeidet har, dess større behov kan det vere for skriftleg avtale. Det finst avtalemalar for til dømes bytelåning av reiskap, maskinlag, felles gjødsellager, fôrdyrkingslag, beitelag og bygdeservice. For meir informasjon, kontakt kommunen, *Norsk Landbruksrådgiving* eller andre rådgjevarar.

### Maskinsamarbeid

Maskinsamarbeid gjev lågare mekaniseringskostnadar. Det kan vere snakk om enkelt nabosamarbeid eller organisert gjennom maskinlag/maskinring. Eventuelt kan ein leige maskin eller arbeid frå entreprenør. Dersom ein vil starte opp eit maskinlag/maskinring, er det viktig med god organisering. Tenk gjennom korleis koordinering av bruk og vedlikehald skal organiserast og korleis utgifter skal fordelast.

## Tett samarbeid kan gje redusert produksjonstilskot

Når samarbeidet mellom fleire føretak er så tett at ein reelt sett driv som éi verksemd, vil dette verke inn på kor mykje produksjonstilskot ein har rett til. Føretak i driftsfellesskap skal opplyse om det i søknad om tilskot. Dei kan anten levere kvar sin søknad eller levere ein felles søknad for samla dyretal og areal. Tilskotet skal utmålast felles for det samla dyretalet og arealet som vert disponert innanfor driftsfellesskapet. Føretak som opplyser om driftsfellesskap i søknaden vert ikkje avkorta i tilskot som følgje av feilopplysningar.

## Avløyssar på garden

Lokale avløyssarlag/landbruksteneste kan skaffe arbeidskraft til landbruket. I tillegg til reine avløyssaroppgåver kan dei tilby vikar til vaktmestertjenester og reingjering. Uansett om du brukar avløyssarlaget eller anna leigd arbeidskraft, kan du få refundert ein del av kostnadane til avløyssar.

## Avløyssing ved sjukdom og fødsel

Ein kan få refundert kostnadar til avløyssing dersom ein person med næringsinntekt frå føretaket ikkje kan delta i arbeidet. Tilskotet kan gjevast under sjukdom, svangerskap, fødsel, når sjuke born må følgjast til sjukehus/spesialist, dersom barnet har kronisk sjukdom eller ved dødsfall. Søknad må sendast til kommunen innan 3 månader etter friskmelding/siste dag med rett til tilskot.

Les meir:

[www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-sykdom](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-sykdom)

## Avløyssing for ferie og fritid

I husdyrproduksjon kan ein få refundert kostnadar til avløyssing for ferie og fritid. Ein kan nytta avløyssar som er over 15 år, og som ikkje har næringsinntekt frå garden. Ein har då arbeidsgjevaransvar sjølv. Ein kan også kjøpa avløyssartenester frå eit avløyssarlag, eller ein kan kjøpa tenester frå andre føretak. Det er felles søknadsskjema og søknadsfrist som produksjonstilskot.

Les meir:

[www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-ferie-og-fritid](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-ferie-og-fritid)

## Offentleg og fagleg rådgjeving

Om du skal få hjelp må du vere aktiv for å få svar på spørsmåla dine. Her er ei kort rettleiing til kven som kan bidra med råd og hjelp til bonden. Lista er ikkje uttømande. For å få god fagleg rådgjeving må du ofte betale ein timepris. Hugs at gode råd ofte gjev deg betre inntening.

## Offentleg rådgjeving – kven gjer kva i forvaltinga?

Kommunen er den offentlege rådgjevingstenesta som er nærast bonden. Kommunen har omfattande kunnskap på mange område, og kan mellom anna rettleie om tilskot og erstatningar i landbruket og om etablering og regelverk. Kommunen gjer vedtak om tilskot og kan gje ulike typar løyve i gardsdrifta. I andre saker kan kommunen tilvise til andre som kan hjelpe. Saker som er regulerte av statlege lovverk og reglar vert vedtekne administrativt i kommunen. Lokalpolitikarane si oppgåve er å handsama sakar innanfor kommunale saksområde, og å fremja næringsutvikling i landbruket.

*Fylkesmannen i Hordaland* skal hjelpe kommunane, kontrollere kommunane og bidra til positiv utvikling i landbruket. Fylkesmannen er del av staten, og skal sørge for at nasjonal politikk vert gjennomført i fylket, mellom anna på landbruk- og miljøside. På enkelte spesialiserte fagfelt kan Fylkesmannen bidra direkte til gardbrukarar og produsentmiljø som vil utvikle drifta, til dømes innan

lokalmat og *Inn på Tunet*-verksemd. Fylkesmannen er i mange tilfelle klageinstans for vedtak som er fatta av kommunen. Nokre typar tilskot eller løyve vert forvalta direkte av Fylkesmannen, til dømes velferdsordningane, erstatning om offentleg pålegg og tilskot til utvalde naturtypar.

*Hordaland Fylkeskommune* har mellom anna tilskotsmidlar til næringsutvikling, klimatiltak og kompetanseutvikling i landbruket generelt. Elles kan dei, til dømes gje, råd om skjøtsel rundt automatisk freda kulturminne og bidra til betre hjorteforvaltning i kommunen. Fylkeskommunen er ikkje styrt av staten, men er eit folkevalt organ på regionalt plan.

*Mattilsynet* følgjer opp regelverk som går, mellom anna, på dyrevelferd og farlege sjukdommar hos plantar og dyr. Dei skal sikre trygg mat og trygt drikkevatt til forbrukarane, og set difor ulike krav til drifta.

*Landbruksdirektoratet* og *Miljødirektoratet* er støtte- og utgreiingsorgan for tilsvarande departement. *Landbruksdirektoratet* handsamar også klager på vedtak fatta av Fylkesmannen. Direktoratata har også nokre tilskotsordningar som kan vere aktuelle for gardbrukaren å søkje på, til dømes innan klima, miljø, biogass, genressursar og naturforvaltning.

*Innovasjon Noreg* har tilskotsmidlar til investeringar og utvikling av føretaket.

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeider med saker etter jordskifteloven. Jordskifteretten kan klarleggje rettstilhøve til fast eigedom og omforme eigedomar og rettar knytt til mellom anna veg og beite.

### Fagleg rådgjeving

Ofte kan du få hjelp og meir kunnskap ved å spørje ein bondekollega om råd. Har du behov for meir fagleg rådgjeving bør du kontakte ein fagrådgjevar. Der du leverer plante- eller husdyrprodukta dine vert det som oftast også tilbydd fagleg rådgjeving. Leverandørar av fôr og utstyr i landbruket bidreg også gjerne med faglege råd. I tillegg tilbyr *Norsk landbruksrådgiving* rådgjeving på mange felt. *TINE Rådgiving* og *Medlem* tilbyr fagleg rådgjeving innan ein rekkje fagfelt til mjølkeprodusentar. *TINE* har og ansvar for oppfølging av geite- og kukontrollen. <https://medlem.tine.no/>

Dei fleste store slakteria tilbyr fagleg rådgjeving, med vekt på kjøttproduksjon. Rådgjevaren på slakteriet kan også hjelpe deg med registreringar i husdyrregisteret, sauekontrollen med meir. <http://medlem.nortura.no/>

*Norsk Landbruksrådgiving Vest* tilbyr uavhengig fagleg rådgjeving innan ein rekkje fagtema, som til dømes grovfôrdyrking, frukt og bær, gjødsling, plantevern, HMS, økonomi, næringsutvikling og landbruksbygg. <https://vest.nlr.no/>

*Vestskog SA* driv tømmeromsetnad, skogbruksplanlegging, vegplanlegging og rådgjeving innan bioenergi; <http://vestskog.no>

Rekneskapskontor kan også bidra med gode råd.

### Fagлага

Som bonde kan du melde deg inn i eit faglag. Fagлага jobbar for å betre bonden sine villkår. Som medlem i eit faglag vil du få faglaget sine tidsskrift og du får høve til å delta på interessante medlemsmøte. Du kan sjølv sagt også vere medlem i eit faglag utan å vere bonde.

*Hordaland Bondelag* <http://www.bondelaget.no/hordaland/>

*Hordaland Bonde- og Småbrukarlag* <http://smabrukarlaget.no/hordaland/>

*Hordaland Sau og Geit* <http://www.nsg.no/hordaland/>

Hordaland Gartnerlag <http://www.gartnerforbundet.no/>

Lokale birøktarlag <http://www.norges-birokterlag.no/hovedside.cfm>

## Driftsplan og investeringar

Det å ha ein god plan skapar tryggleik for deg som bonde, og for eventuelle finansieringsinstitusjonar. Driftsplanlegging er ofte nøkkelen til suksess, og det minkar sjansen for at ein vert overraska over korleis det gjekk når ein ser resultatet.

Ein driftsplan inneheld ei ressursoversikt der ein kartlegg areal, bygningar, maskiner og andre ressursar. Så lager du ein plan for korleis desse ressursane skal brukast.

I prosessen med å lage driftsplan vurderer du ulike driftsformer. Du får ei oversikt over kva produksjonsnivå du kan leggje opp til, og korleis ulike faktorar påverkar den økonomiske situasjonen på garden. Planen tek omsyn til storleik av tilgjengeleg areal, avlingsnivå, mjølkemengd per kyr, tal dyr, gjeldsnivå, andre inntekter osv.

Driftsplanar kan brukast til å vurdere effekten av ulike val. Du kan leggje til ulike faktorar og føresetnadar og berekne venta økonomisk resultat som følgje av ulike val. Eksempelvis: korleis vil resultatet verte påverka av auka avlingsnivå? Vil det løne seg for meg å bruke meir pengar på jordarbeid? kva skjer med resultatet om eg kjøper ny traktor?

Det er særst viktig å utarbeide ein driftsplan når du vurderer større investeringar på bruket. Du må lage ei oversikt over alle endringar i kostnader og inntekter som følgje av investeringa.

Ved større utbyggingar er teknisk plan, teikningar og gode kostnadskalkylar nødvendig i planlegginga og som vedlegg til søknadar om støtte frå Innovasjon Noreg og kommune.

Ein forretningsplan er ein utvida driftsplan, der ein mellom anna inkluderer marknadsforhold, likviditetsanalyse og anna. Forretningsplanen er særleg brukt når ein vurderer og planlegg for investeringar og drift av tilleggsnæringar.

Les også: [www.innovasjon Norge.no/globalassets/planleggingsverktoy-for-landbruket.pdf](http://www.innovasjon Norge.no/globalassets/planleggingsverktoy-for-landbruket.pdf)

## Gardskart

Gardskart på Internett gjev det beste kartgrunnlaget som er tilgjengelig for din eigedom.

Gardskart på Internett viser kart over arealressursar, og reknar ut arealtal for ein valt landbrukseigedom. Hovudmålgruppa for tenesta er landbruksforvaltninga og eigarar/brukarar av ein landbrukseigedom.

Gardskartet inneheld mykje informasjon, henta frå ulike kjelder.

- Gards- og bruksnummer for landbrukseigedomene vert henta frå grunneigedomstabellen hos *Landbruksregisteret*. Endringar kommunen gjer i *Landbruksregisteret* vil vere synlege i gardskartet neste dag.
- Eigedomsgrensar for den/dei eigedomane ein søker på vert henta frå *Matrikkelen*. Endringar kommunen gjer i eigedomskartet i *Matrikkelen* vil vere synlege i gardskartet same dag.

- Arealtypene i AR5 (Arealressurskart i målestokk 1:500 m) vert henta frå NIBIO. Endringar kommunen gjer i AR5 vil vere synlege i gardskartet når kommunen har levert oppdateringar (1-2 gonger i året)

For lettare å kjenne seg igjen, kan ein velje mellom ulike grunnkart og flyfoto (*ortofoto*) som bakgrunn.

Det er tilrettelagt for ein enkel utskriftsfunksjon som presenterer eigedomen saman med arealklassane, arealtal og teiknforklaring. Kartet kan skrivast ut i både A4- og A3-format, og i ulike målestokkar.

### Stemmer ikkje kartet?

Areal endrar seg som regel med tida. Enkelte område gror att, andre vert oppdyrka, areal skiftar eigar, grenser vert endra, nye vegar kjem til eller gamle vert fjerna. Det kan også oppstå feil i produksjonsprosessen. Gardskartet vil vere eit grunnlag for å avdekkje og rette opp slike feil. Sjekk kartet ditt grundig, sjekk også andre eigedomar du disponerer – det er ikkje sikkert eigaren gjer det. Gje melding til kommunen snarast, dersom du oppdagar feil.

### Kart i produksjonstilskot

Frå 2018 er gardskartet grunnlag for produksjonstilskot. Det er difor viktig at kartet er rett, med eigedomsgrenser og rett skilje mellom dyrka jord, innmarksbeite, skog, tun og anna.

Nytt i gardskart er at driftssenter-koordinatane i *Landbruksregisteret* er kopla mot driftsbygningen. I praksis er det derimot kopla mot våningshuset i mange kommunar. Er driftssenter-koordinatane dine plassert på feil bygning, kan du melda frå til kommunen og dei vil endre det til rett bygning.

[Gå rett til gardskartet for din eigedom her](#)

[Les meir om tenesta hos NIBIO her](#)

## Naturskade, erstatning og forsikring

### Erstatning

Når klimatilhøve gjer skade i plante- eller i honningproduksjonen kan ein søkje om erstatning for tapet. Det er vilkår om at ein har gjort nødvendige tiltak for å unngå skaden, og utbetalingane vert gjort ut frå faste satsar. Desse dekkjer oftast ikkje heile tapet. Dekkesystem over frukt og bær vert ikkje dekkja av erstatningsordninga, sidan slike tiltak er mogleg å forsikre.

Det er også erstatningsordningar som dekkjer arbeid og tap når *Mattilsynet* gjev pålegg om sanering i planteproduksjonen eller slakting i dyrehaldet. Årsaka til slike pålegg er å stansa farlege skadegjerarar. Desse erstatningane dekkjer størstedelen av tapet og meirarbeidet, men ekstra oppgradering til betre standard enn før saneringa må gardbrukaren dekkje sjølv.

Når husdyr vert drepne eller skadde av freda rovilt kan husdyreigaren få erstatning. Tapa må vere dokumenterte, noko som krev at ein raskt tek kontakt med *Statens Naturoppsyn* når ein finn kadaver. Det er også krav om at ein har gjort tiltak for å unngå tap, og at drifta er i tråd med dyrevelferdslova, til dømes med tilstrekkeleg tilsyn.

Les meir på nettsidene til Fylkesmannen i Hordaland.

### Naturskade

Etter naturulykke som gjer skade på til dømes vegar og murar kan ein søkje om naturskadeerstatning. Dette kan gjelde skade etter storm, springflo, flaum eller skred. Frå 2017 skal ein søkje om naturskadeerstatning elektronisk til *Landbruksdirektoratet*, ikkje til lensmann eller politi. Ein må

avgrense faren for skade, til dømes sjekke at grøfter og stikkrenner langs veger er opne og har god kapasitet, utføre jamleg vedlikehald, forsikre det som er mogleg å forsikre og vurdere om det er behov for oppgradering av anlegg for å møte klimaendringane.

## Forsikring

Nokre forsikringar er lovpålagde, slik som yrkesskadeforsikring for tilsette, men dei fleste er frivillige. Du bør bruke tid for å finne ut kva forsikringar som kan vere aktuelle for deg.

## Forsikring av skog

Meir ekstremvær aukar risikoen for skogskader. Samstundes vert skogen vår eldre og høgare, og meir utsett for vindfellingar. *Statens Naturskadefond* dekkjer ikkje lenger storm- og brannskada skog. Storm og brann kan gje store tap for skogeigar og samfunnet. I dei siste åra har orkanane *Dagmar* og *Nina* øydela mykje skog på Vestlandet. Trass i store kostnader for opprydding og tap av verdiar, er berre ein mindre del av skogarealet i Hordaland skogforsikra. Pris for stormforsikring er 0,2 – 1,8 kroner per dekar, avhengig av landsdel og bonitet. Om ein har 250 dekar med skog vert prisen om lag 450 kroner kvart år. *Skogfond med skattefordel* kan nyttast ved betaling av forsikringspremien. Kontakt forsikringsselskapet *Skogbrand* for meir informasjon.

## Tilskot og pensjon

Som sjølvstendig næringsdrivande innan landbruket kan ein søkje om tilskot til ulike ting. Tilskot er noko ein har rett på og ikkje krav på. Ein må oppfylle visse krav for å ha rett på ulike tilskot.

Ved søknad og mottak av tilskotsordningar er produsenten sjølv ansvarleg for at det ligg føre rett informasjon. Produsenten er også ansvarleg for å halde seg oppdatert på kva tilskotsordningar og fristar som gjeld til ei kvar tid.

Under finn du ei oversikt over ulike tilskotsordningar.

[Tilskotoversikt for Hordaland 9.01.2017](#)

## Tidlegpensjon for jordbrukarar

Brukarar som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk kan få tidlegpensjon frå fylte 62 til fylte 67 år. Også ektefelle kan ta imot tidlegpensjon. Den som tek imot tidlegpensjon kan ikkje eige landbrukseigedom eller ha næringsinntekt frå landbruk, men kan ta imot pensjon frå folketrygda og løn. Landbrukseigedom må vere skøyt over på andre. Formålet er å bidra til lettare og tidlegare generasjonsskifte.

Les meir: [www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/tidligpensjon](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/tidligpensjon)

## Pensjon

Som sjølvstendig næringsdrivande i landbruket har du ingen anna pensjonsopptening enn den som følger av folketrygda. For dei aller fleste vil dette føre til kraftig nedgang i inntekt når ein vert pensjonist. På NAV sine nettsider kan du berekne din framtidige pensjon. Næringsdrivande kan teikne eiga pensjonsordning via bankar, forsikringsselskap eller liknande. Heile innskotet for tenestepensjonen kan først som frådrag i næringsinntekta.

## Korleis har du det i kvardagen din?

Det vert færre og færre yrkeskollegaer i landbruket. Nettverket vert difor også mindre. Har du nokon å snakke med viss/når det buttar imot? Det er ikkje alltid så lett å innrømme at ein har eit problem, men får du problem med å stelle dyra dine, må du søkje hjelp.

Fastlegen din kan tilvise til både offentlig og privat helseteneste. Andre lokale helsetenester det er råd å kontakte for å be om hjelp:

- Legevakt
- Psykiatrisk helseteneste
- Bedriftshelsetenesta – HMS

Les meir på faglaga sine nettsider [www.godtbondevett.no/](http://www.godtbondevett.no/) for tips og råd. Du finn også info om HMS på *Norsk Landbruksrådgjeving* sine nettsider [www.lhms.no/](http://www.lhms.no/)

# Mjølkeproduksjon

## Mjølkekvote

Alle som produserer mjølk må ha mjølkekvote, anten du leverer til meieri eller foredlar sjølv. Kvotesystemet vert regulert av *Landbruksdirektoratet*. Du må søkje om kvote for å starte opp med mjølkeproduksjon, eller gjere om vanleg kvote til foredlingskvote. Det er mogleg å kjøpe kvote anten frå staten eller frå ein annan bonde, begge gjennom omsetningsrunde med frist i oktober. Eig du grunnkvoten (30.000 liter kumjølk eller 15000 liter geitemjølk), kan du i tillegg leige kvote hos private.

Det er berre mogleg å starte opp med geitemjølkproduksjon i kommunar der det er geitemjølkkvotefrå før.

Mjølk som vert omsett utanfor eller utover kvote, vert pålagt overproduksjonsavgift.

Kvart år vert det forhandla om eit forholdstal for mjølkekvotene. Det er faglaga og *Tine* som forhandlar med staten om meir eller mindre mjølkeproduksjon i forhold til kvotane. For 2017 er forholdstalet satt til 0,98 for kumjølk og 0,97 for geitemjølk. Denne forhandlinga vert gjort for å regulere produksjon av meieriprodukt i forhold til etterspurnad i marknaden.

Les meir om mjølkekvoter, skjema og regelverk: [www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter](http://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter)

## Økologisk mjølkeproduksjon

Nokre skilnader mellom økologisk og konvensjonell drift er at kalven skal gå med kua i minst 5 dagar før han vert teken ifrå, at du berre kan bruke økologisk kraftfôr og at du ikkje kan bruke lettlyseleg mineralgjødning (kunstgjødning) på marka. Det er tillate med antibiotika viss dyret vert sjukt, men det skal ikkje vere det første ein prøver. Når du ønskjer å drive økologisk skal Debio godkjenne omlegginga og drifta. Økologisk mjølk er betre betalt enn konvensjonell produsert mjølk.

Les meir: <http://www.debio.no/landbruk/>

## Minsteproduksjon mjølk

Eit av grunnkrava for å få tilskot til jordbruksdrift er at ein driv vanleg jordbruksproduksjon. Det vil seie at ein må ha eit visst produksjonsvolum i forhold til det føretaket disponerer av produksjonsdyr.

For å ha rett på produksjonstilskot for mjølk, er det krav om minsteproduksjon per årsku når det gjeld mjølkeproduksjon og kalving.

Gjennomsnittleg mjølkemengd per årsku er ca. 7600 kg mjølk. Det er krav om ein minsteproduksjon på halvparten av dette, 3800 kg per årsku for å oppfylla kravet om vanleg produksjon. For bevaringsverdige storferasar er minsteproduksjonskravet halvparten av produksjonsmiddelet til rasen, som regel noko lågare.

Vidare er det krav til at det skal leverast mjølk i minst 7 månader årleg, og om eit kalvingsintervall på maksimum 15 månader. Kalvingsintervallet gjeld for gjennomsnittet til besetninga. For bevaringsverdige storferasar er kalvingskravet 18 månader.



## Merking av dyr

Kvar gong dyr vert overført til eit nytt dyrehald i Noreg, skal det merkast med eit kvitt øymerke innan 7 dagar etter at det har kome til nytt dyrehald. Dersom dyret allereie har eit kvitt øymerke skal dette erstattast med nytt kvitt øymerke. Når eit dyr vert overført til eit nytt dyrehald, er det mottakar som er ansvarleg for at det får nytt øymerke.

Les meir: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/tilskudd#distriktstilskudd-melk>

## Tilskot i mjølkeproduksjon

Som mjølkeprodusent kan du søkje om

- tilskot til husdyr (mjølkekyr og anna storfe)
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- tilskot til bevaringsverdige storfe
- tilskot til dyr på beite
- areal- og kulturlandskapstilskot
- tilskot til økologisk landbruk
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Les meir: [www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd)

Det kan vere lurt å sjekke kor driftssenteret er lokalisert på eigedomen: om det er festa på våningshuset eller driftsbygningen. Dette kan vere viktig informasjon for kva *sone melk* eller *sone kjøtt* føretaket er i.

Finn garden din på gardskart: <http://gardskart.skogoglandskap.no/>, sjå kart med sonegrenser på <http://kart7.skogoglandskap.no/map/sonegrenser/> og les meir på [www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/tilskudd#soner-distriktstilskot-mjoelk-og-driftssenter](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/tilskudd#soner-distriktstilskot-mjoelk-og-driftssenter)

## Lausdriftskravet, lufte- og beitekravet

Storfe skal oppstallast i lausdrift. Husdyrrom med båsdrift, som vart teke i bruk før april 2004 og har vore i samanhengande bruk sidan, kan likevel nyttast fram til 2034.

Storfe skal ha gode høve til mosjon, fri rørsle og naturleg åtferd. Mellom anna er det krav om at storfe skal vere på beite minimum 8 veker i sommarhalvåret for storfe i lausdriftsfjøs. Storfe oppstalla i bås-fjøs skal vere på beite minimum 16 veker. Nyare fjøs frå før 2014, som ikkje har høvelege beite i nærleiken av fjøset, kan i staden ha tilgong til ein luftegard.

Les meir: [www.lovdatabank.no/dokument/SF/forskrift/2004-04-22-665/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](http://www.lovdatabank.no/dokument/SF/forskrift/2004-04-22-665/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4), sjå spesielt §7, §10 og §32.

## Dyrevelferd

Alle som eig eller har ansvar for dyr, er plikta til å sørgje for at dyrevelferda er ivareteken. Dyr har eigenverdi, uavhengig av nytteverdien dei har for oss menneske. Dyr skal takast vare på og vernast mot unødige påkjenningar. Dyrevelferd kan definerast slik:

1. Fridom frå svolt, tørste og feilernæring
2. Fridom frå fysisk ubehag
3. Fridom frå smerte, sjukdom og skade
4. Fridom til å utøve normal åtferd
5. Fridom frå frykt og stress

Les meir: [www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-97?q=dyrevelferd](http://www.lovdatab.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-97?q=dyrevelferd)

## Lagring og spreieing av gjødsel

Husdyrgjødsel er ein viktig ressurs for jordbrukaren, men kan også vere opphav til ein del miljøutfordringar.

Det er krav om forsvarleg lagringskapasitet av husdyrgjødsel for minimum 8 månaders drift. For å unngå å kome i ein situasjon der kapasiteten vert sprenget, har du i praksis ofte bruk for lagringskapasitet i minst 10 månadar. Erfaringsmessig ser vi dessverre at ein del gjødselslager er underdimensjonert.

Det er ikkje lov å spreie gjødsel på eng utanfor vekstperioden. Dei fleste tilskot krev at du har ha ein gjødselplan som viser gjødselmengd tilpassa mellom annan vekst, avlingsnivå, driftsform, jordtype og klima.

Det er spesielle tilskotsordningar for miljøvenleg spreieing. Eksempelvis kan du få støtte til utstyr som fører gjødsel raskare på eller i bakken. Med slik utstyr oppnår du redusert tap av ammoniakk til luft og mindre avrenning til vassdrag.

Les meir under *Å drive ein gard / Gjødsling, plantevern og avfall* og på Fylkesmannen sine nettsider.

## Produksjon av storfekjøtt

Produksjon av storfekjøtt, ammeku og oppføring av oksar er *ein produksjon som har auka mykje dei siste tiåra. Produksjonen er regulert gjennom Dyrevelferdslova og ulike forskrifter. For alle rasar og driftsformer gjeld Forskrift om hold av storfe og Forskrift om merking, registrering og rapportering av storfe.*

*Nortura* har plikt til hente alt storfe som skal sendast til slakt. Som produsent står ein likevel fritt til å velje kva slakteri ein vil levere til.

### Tilskotsordningar

Det er fleire tilskotsordningar som er aktuelle for storfekjøttprodusentar. Her er nokre av dei viktigaste:

- Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar – det er 6 bevaringsverdige storferasar i Noreg.
- Distrikstilskot for kjøttproduksjon - Hordaland er fordelt i 2 ulike soner for kjøttproduksjon.
- Frakttilskot bidreg til å jamne ut kostnadsforskjell for frakt av storfe frå produsent til godkjent slakteri.
- For å stimulere til fleire produksjonsdyr og betre og auka slaktevekter er det kvalitetstilskot for slakt som oppfyller krava.

Alle aktuelle tilskotsordningar: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/kjott-og-egg/tilskudd/satser>

## Minsteproduksjon av storfekjøtt

Det er eit grunnkrav til all jordbruksproduksjon at produksjonen er i samsvar med produksjonsdyra. Det er ikkje sett konkrete grenser for minsteproduksjon i volum for storfekjøtt. Ammekyr skal i snitt ikkje kalve sjeldnare enn kvar 15'ande månad, slik det også er i mjølkeproduksjon. Les meir om produksjonen på Landbruksdirektoratet sine nettsider.

## Produksjonstilskot storfe

Du som driv med storfe kan søkje om:

- tilskot for husdyr
- driftstilskot til mjølkeproduksjon og/eller
- driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon
- tilskot for bevaringsverdige husdyrraser
- tilskot for dyr på beite
- areal- og kulturlandskapstilskot
- eventuelle tilskot til økologisk landbruk
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Les meir: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd>

# Sauehald

## Driftsformer sau

I Hordaland har vi to ulike driftsformer med sau: vinterfôra sau og utegående sau. Vinterfôra sau er sau som vert halde i driftsbygningar med dagleg tilsyn og føring gjennom vinteren. Dei vert sleppte på beite om sommaren. Utegåande sau går ute heile året. Dei skal ha tilsyn og tilgang husdyrrom. Etter godkjenning kan det vere tilstrekkelig med godt le.

## Minsteproduksjon sau

For å få tilskot til jordbruksdrift – produksjonstilskot, dyretilskot og anna tilskot, er det krav om at føretaket driv vanleg jordbruksdrift. I vurdering om det kva som er vanleg landbruksdrift i saueproduksjon, tek ein utgangspunkt gjennomsnittleg slaktevekt for dei ulike rasane. Viss produksjonen ligg jamt under 70% av kva som er vanleg for rasen, vert det vurdert som lågare enn minsteproduksjon og rett til ulike tilskot kan bortfalle.

I produksjon reknar ein både slaktevekter og tal lam per søye. Gjennomsnittsproduksjonstal for dei ulike rasane vert henta frå Årsrapportene i *Sauekontrollen*.

Les meir: <http://animalia.no/Husdyrproduksjon/Sauekontrollen/Publikasjoner/>

## Merking av lam

Alle småfe skal vere merka. Småfe fødd i Noreg skal merkast med eit første øyremerke i det eine øyret og eit andre øyremerke i det andre øyret før dei er 30 dagar gamle, men likevel før dei forlèt dyrehaldet dei er fødd i. Begge øymerkene skal vere godkjent.

Det er ingen skilnad mellom driftsformene, vinterfora eller utegangar, når det gjeld kravet om merking.

Les meir:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-11-30-1356?q=merking%20av%20sm%C3%A5fe>

## Merking av småfe ved overføring frå ein buskap til ein annan

Kvar gong dyr vert overført til eit nytt dyrehald i Noreg, skal det merkast med eit kvitt øyremerke innan 7 dagar etter at dyret kjem til eit nytt dyrehald. Dersom dyret allereie har eit kvitt øyremerke skal dette erstattast med nytt kvitt øyremerke. Når dyr vert overført til eit nytt dyrehald, er det mottakar som er ansvarleg for at det får nytt øyremerke.

Les meir:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-11-30-1356?q=merking%20av%20sm%C3%A5fe>

## Sal av livdyr

Ein kan selje dyr til slakteri eller ein kan selje dyr som livdyr. Hugs at det er forbode å selje småfe fra ei sone til ei anna. Hordaland er delt i 10 soner. Distriktsveterinæren i mottakardistriktet kan, etter søknad, dispensere frå forbodet og gje løyve til overføring av småfe frå anna sone i fylket til buskap i eige distrikt, og setje vilkår for dispensasjonen.

Les meir: <https://lovdata.no/dokument/JP/forskrift/2002-10-30-1193>

## Økologisk sauehald

Den største skilnaden mellom økologisk og konvensjonelle sauehald er knytt til dyrking av grovfôr og til bygningskrav. I tillegg er det krav knytt til fôring, sjukdomsførebygging og parasitthandtering. Det er *Debio* som fastset og handterer reglar for økologisk drift i Noreg.

Målet i ei økologisk driftsform er at sauehaldet, i størst mogeleg grad, skal klare seg med garden sine eigne lokale og fornybare ressursar. Kunstgjødsele og kjemiske sprøytemidlar vert ikkje brukt. God dyrevelferd og vekt på førebyggjande helsearbeid er vesentleg.

## Krav ved utegongerdrift

Utegongarsau omfattar sau og lam som ikkje vert haldne i driftsbygning i vinterperioden. Eigaren eller andre med ansvar for dyra skal sikre at alle dyr får tilsyn etter behov.

Dyr som vert haldne på utmarksbeite, skal du sjå etter minst ein gong per veke, i område utan særleg risiko. Ved mistanke om auka fare må tilsynet intensiverast, slik at forhold som kan medføre dårlig velferd: sjuke, skadde og avmagra dyr, vert oppdaga så fort som råd er. (Dyr som vert haldne innandørs, skal normalt ha tilsyn minst to gonger i døgeret.)

Småfe skal ha godt og regelmessig stell. Dei skal klippast etter behov, minimum årleg. Klauver skal undersøkjast regelmessig og stellast ved behov. Småfe skal få fødselshjelp av kompetent person når det er behov for det.

Sauene skal ha liggjeområde med minimum tre tette vegger og tak som gjev vern mot vind og nedbør. Det skal og vere fôringsplass som gjer det mogleg å føra dyra på ein god måte. Dyra skal ha god ullfell som skjermar mot vêr og vind i den kalde årstida.

Du kan søkje *Mattilsynet* om å sleppa kravet til husly, såkalla utedrift. Mattilsynet kan vurdere at terreng og vegetasjon gjev tilstrekkeleg ly. NB: Ein treng førehandsgodkjenning for å sleppe kravet om husly. Sjå i § 18 i forskrifta under kva krav som skal stettast ved utedrift. Krava er utforma for å sikre god dyrevelferd. Alle som har dyr er pliktig å setje seg inn i forskriftene som regulerer driftsforma, og rette seg etter denne.

Les meir: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-02-18-160>

### Sanking, beitelag og produksjonstilskot

Mykje av beitinga i utmark er organisert gjennom beitelag. Beitelaget skal vere registrert med eige organisasjonsnummer i *Brønnøysundregisteret* og ha minst 2 medlemmer med organisasjonsnummer og minimum 150 småfeeiningar som har rett til produksjonstilskot. På utmarksbeite skal det først organisert tilsyn og sanking. Dyra skal ha tilsyn minst en gong per veke i område utan særleg risiko. Ved mistanke om auka fare må tilsynet intensiverast, slik at forhold som kan føre til dårlig velferd, sjuke, skadde og avmagra dyr, vert oppdaga så tidlig som råd er.

Godkjente beitelag kan søkje om tilskot til drift. Beitelaga kan søkje om støtte til investeringar til ulike tiltak i beiteområdet. Slike tiltak kan til dømes vere å setje opp sankehegner eller saltsteinsautomatar.

Les meir: <https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/organisert-beitebruk>

### Melding av rovdyrskadar

Tap av husdyr til freda rovvilt, som ulv, gaupe, bjørn, jerv og ørn, skal snarast meldast til *Statens Naturoppsyn (SNO)*. Dei har lokale rovviltkontaktar, der ein kan melde frå om mistanke, sjå under.

Ein representant frå *SNO* må, så snart råd er, sjå kadaveret for å fastslå dødsårsak. Der det er stadfesta dødsårsak knytt til ein av dei ovannemnte rovdyra, kan du søkje om erstatning frå Fylkesmannen i Hordaland si miljøvern- og klimaavdeling.

Les meir: <http://www.naturoppsyn.no/rovdyr/>

Rovviltkontakt i Hordaland: <http://www.naturoppsyn.no/content/1592/Hordaland>

Rutinar ved mistanke om rovviltskade: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Miljo-og-klima/Rovvilt/Rutinar-ved-mistanke-om-rovviltskade/>

### Tilskot saueproduksjon

Du som driv med sau kan mellom anna søkja om:

- tilskot for husdyr

- eventuelle tilskot for bevaringsverdige husdyrraser
- tilskot for dyr på beite
- areal- og kulturlandskapstilskot
- driftstilskot og investeringstilskot til organiserte beitelag
- eventuelle tilskot til økologisk landbruk
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

Les meir: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd>

## Produksjon av svin og fjørfe

Gris og fjørfe er såkalla kraftfôrkrevande produksjonar. Dyra et, i all hovudsak, kraftfôr: korn, soyabønner, mm. Kraftfôret vert som regel kjøpt inn. Nokre bønder produserer noko av kornet sjølve.

Produksjon av svin og fjørfe er underlagt Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjon. I *Forskrift om svine- og fjørfeproduksjonen* er det presiseringar om kva som står i lova. Mellom anna er grensene for konsesjonspliktig produksjon definert.

### Konsesjon svin og fjørfe

Produksjon av svin og fjørfe, inkludert egg, utover eit visst omfang, krev konsesjon (løyve). Grensene for kva produksjonsvolum som krev konsesjon er definert i *Forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon*.

Husdyrkonsesjonsordninga legg til rette for å spreie svine- og fjørfeproduksjonen på fleire einingar, ved å regulere produksjonsomfanget hos kvar enkelt produsent.

Du kan søkje om konsesjon for å produsere utover konsesjonsfri produksjon. Då kan du få tildelt eit viss tal dyr du maksimalt kan ha. Konsesjonen tilhøyrar eit gards- og bruksnummer og er ikkje personleg.

Les meir: [www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/kjott-og-egg/husdyrkonsesjon](http://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/kjott-og-egg/husdyrkonsesjon)

*Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjon*: [www.lovdato.no/dokument/NL/lov/2004-01-16-5](http://www.lovdato.no/dokument/NL/lov/2004-01-16-5)

*Forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon*:

[www.lovdato.no/dokument/SF/forskrift/2004-04-01-611](http://www.lovdato.no/dokument/SF/forskrift/2004-04-01-611)

### Avtale om gjødsellevering

Ein del føretak, som dei som driv med fjørfe- og svinproduksjon, disponerer for små areal for spreining av husdyrgjødsel dei produserer sjølve. Slike føretak må ha ein plan for handtering av gjødsel, og ha avtale med mottakarar av gjødsel. For leigd areal, ved avtale om spreining på areala til andre føretak og ved sal av husdyrgjødsel, må det normalt føreliggja skriftleg avtale med minst fem års lengd.

Les meir: <http://www.matmerk.no/cms/files/2637/1-veileder-2015.pdf>

## Tilskot til svine- og fjørfeproduksjon, inkludert egg

Du som driv med svin eller fjørfe kan søkja om tilskot til mellom anna:

- slakta dyr føregåande år
- tilskot til husdyr
- areal- og kulturlandskapstilskot
- tilskot til økologisk landbruk
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Les meir: [www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/om-produksjonstilskudd)

# Frukt- og bærproduksjon

Ein stor del av frukta som vert produsert i Noreg kjem frå Hardanger. I indre Hardanger er det lange tradisjon og særleg gode tilhøve for fruktproduksjon. Frukt- og bærproduksjon finst det elles i heile fylket. Med moderne produksjonsmetodar kan vekstforholda påverkast og vere med på å skape gode tilhøve for produksjon fleire stader. Nye sortar gjev høgare produksjon og er meir robuste.

## Rydde- og plantetilskot

For å rydde og plante ny frukthage, kan du søkje om tilskot frå *Innovasjon Noreg*. Kostnad til dryppvatning og dekkesystem kan inkluderast. Ein kan også søkje om tilskot til tunnel for bær dyrking. Søknaden skal sendast til *Innovasjon Noreg* via kommunen, som vurderer søknaden. Du kan få hjelp av *Norsk Landbruksrådgjeving* eller andre til å utforme søknad om investeringstilskot. Sørg for at fruktlageret har godtkjent val av sortar, eventuelt at du har anna planlagt omsetning. Det er laga ein nyplantingsmanual for tettplantingar.

Frukt- og bærkalkyle: [www.landbruksforum.no/frukt/kalkyle/](http://www.landbruksforum.no/frukt/kalkyle/)

Søknad til Innovasjon Norge: <http://www.innovasjon Norge.no/no/finansiering/trad-landbruk/>

## Omsetning

For frukt dyrkinga i Hardanger er det enkelt å omsetje frukta gjennom godt organiserte fruktlager. Det er også mogleg å selje noko direkte, til høgare inntening. Det er krav om full rekneskapsføring for alt direkte sal.

For bær dyrking i Hordaland finst ikkje tilsvarende moglegheiter for omsetning, og det er best økonomi i direkte sal til forbrukar. Før planting bør du ha ein plan for omsetning, då produksjonen kan krevje både stor arbeidsinnsats og kostnader om du skal lukkast.

Dersom du vil starte vidareforedling av eigne råvarer kan du søkje *Innovasjon Noreg* om ide-avklaringsstøtte, og seinare investeringsmidlar. Til grunn for søknaden må du ha ein klar forretningsidé og ein forretningsmodell.

*KompetanseNavet Vest* kan også gje støtte i form av kurs og rådgjeving i ein oppstartsfase av ei foredlingsverksemd: [www.sjh.no/ressurssenter/om-oss/kompetansenavet/](http://www.sjh.no/ressurssenter/om-oss/kompetansenavet/)

## Økologisk drift

Marknadsutsiktene for økologisk frukt- og bærproduksjon var gode i 2016, og det er forventet at dei vil halde seg gode i nokre år. Fleire fruktlager tek imot og omset økologiske varer. Marknaden for bær er meir basert på privat utkøyring frå eigen gard og gardsutsal. Å lage ein marknadsplan, saman med ein planteplan, er eit viktig suksesskriterium for god lønsemd i økologisk drift.

For å kunne lukkast med økologisk drift må ein ofte ha god agronomisk forkunnskap. *Føregangsfylke økologisk frukt og bær* har laga ei kort innføring i økologisk fruktproduksjon. Tilsvarende innføring i økologisk bærproduksjon kjem i løpet av 2017. I løpet av 2017 kjem også manual for stell og drift av økologiske og konvensjonelle fruktplantingar.

Last ned og les meir:

[www.prosjekt.fylkesmannen.no/Okologiske-foregangsfylker/Okologisk-frukt-og-bar/Nyheter/Nyplantingsmanual/](http://www.prosjekt.fylkesmannen.no/Okologiske-foregangsfylker/Okologisk-frukt-og-bar/Nyheter/Nyplantingsmanual/)

Kortversjon av øko-regelverket innan økologisk frukt- og bærproduksjon kjem med det første:

[www.debioinfo.no/s.cfm/121/Praktiske-veiledere-til-regelverk](http://www.debioinfo.no/s.cfm/121/Praktiske-veiledere-til-regelverk)

## Skogbruk

For 100 år sidan var folk bekymra for at vestlandsskogane skulle forsvinne. I dag er mange bekymra for at det opne kulturlandskapet skal gro igjen. For 100 år sidan la skogforskinga til rette for at skogen skulle vere Noreg sitt arvesølv. Så kom vasskraftutbygginga og oljealderen. Sjølv om vestlandsskogen gradvis hadde vakse seg større og større, vart ikkje skogen lenger sett på som verken arvesølv eller *det grønne gullet*. I dag som oljealderen er på hell og ein snakkar om *det grønne skiftet*, er skogen ein ressurs som det igjen er forventningar til. Skogen i Hordaland har høg volumproduksjon, grunna gode veksttilhøve med lang vekstsesong og overskot av nedbør.

Skogbruket i Hordaland har nokre utfordringar i forhold til struktur og storleik på eigedomane. Fylket har mange små eigedomar med krevjande driftstilhøve. Vil skogforvaltning og samarbeid på tvers av eigedomsgrensene vere meir vanleg i framtida? I mange skogområde manglar framleis skogsvegar. Vegane bidreg til å sikre positivt driftsresultat og nytte for skogeigarane og samfunnet.

Hogst av skogen i fylket har tradisjonelt auka kvart einaste år sidan skogreisningstida på 50-70 talet. I 2015 vart der hogd 230 888 m<sup>3</sup> i Hordaland. Hogst av plantefelt med gran utgjer 93 % av volumet. Mesteparten av det hogde arealet vert forynga med ny skog. Tømmeret vert som regel selt til *Moelven Granvin Bruk AS* eller eksportert til Tyskland og Sverige.

### Forynging av skog

Om du som skogeigar ønskjer kontinuitet i skogdrifta, er det viktig å foryngje skog. Det vil seia at du sørgjer for at den neste generasjonen skog veks opp. I *Skogbrukslova* står det at du innan tre år etter hogst av skog skal syte for tilfredsstillande forynging på arealet. Om arealet skal nyttast til anna føremål enn skogproduksjon, må det avklarast med kommunen.

Når skogen din vert hogd, må du tar et val om korleis skogen i framtida skal sjå ut. På Vestlandet har vi i dag stort sett planta granskog eller furu- og lauvskog. Oftast vert det planta gran etter hogst. Vart heile arealet teken ut i hogst, er det ofte nødvendig å plante eit konkret treslag, noko som veks opp til einsaldra bestand. Tal granplanter på dei fleste veksestader vil då vere 250 planter per dekar.



Nokre veksestadar tillèt også foryngingsalternativ til gran. Til dømes kan næringsrik jord, sørvendte lier og eige høgdelag gje potensiale for lauvtreslag i skogen din. Uansett kva alternativ du vel er det viktig at du tek omsyn til klimatiske utfordringar som storm, billeangrep eller frost. Dette vil redusere risikoen for skogsskadar, og dermed produksjonstap.

På nokon skogareal kan naturleg forynging av stadeigne treslag vere mogleg med rett planlegging og skjøtsel. Naturleg forynging kostar ikkje pengar i plantekjøp, men krev kontinuerleg tynning og avstandsregulering.

For planting og forynging av skog kan ein søkje kommunen om tilskot.

Val av foryngingsalternativ og skogskjøtsel er ei krevjande oppgåve og føreset skogfagleg kunnskap og erfaring. Ta kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen for råd og rettleiing.

Les meir om norske treslag: [www.skogoglandskap.no/artikler/2008/SkogtreiNorge/newsitem](http://www.skogoglandskap.no/artikler/2008/SkogtreiNorge/newsitem)

eller last ned app frå *Skogkurs*: [www.skogkurs.no/artikkel.cfm?Id\\_art=155](http://www.skogkurs.no/artikkel.cfm?Id_art=155)

## Skjøtsel av skog

Tradisjonelt vert det planta gran på hogstflater i vår region. På plantefelta veks det ofte opp andre treslag mellom planteradene, og tal planter per dekar vert for høgt i forhold til optimal produksjon og kvalitet av valt treslag. Såkalla *avstandsregulering* er nødvendig for å sikre god tilvekst og kvalitet på framtidsskogen. Denne ungskogpleia skjer 10-20 år etter etablering av ny skog på arealet. Seinare i omløpet kan det vere aktuelt å kviste lauvtre for best mogeleg kvalitet. Etter 30-40 år kan tynning i skogen vere aktuelt, men dette er avhengig av mellom anna treslag, stabilitet og infrastruktur.

Om du ønskjer fleire sjikt, treslag og meir mangfald i skogen, må du planleggje framgangsmåten godt. Denne driftsforma er utan store snauhogstar og tek meir omsyn til kva naturen tilbyr som forynging. Ein slik type skog vert meir stabil i forhold til naturskader (vind, flaum, ras, billeangrep) og er positiv for det biologiske mangfaldet i skogen din.

Ein kan søkje kommunen om tilskot til ei rekke skjøtselstiltak.

Kontakt skogbruksansvarleg i kommunen for faglege råd om skjøtsel av skog.

## Hogst

Mykje av produksjonsskogen i Hordaland er planta gran og sitkagran. For at skogeigaren og samfunnet skal få størst mogeleg økonomisk overskot, må skogen få vekse til han er hogstmogen. Alderen for hogstmogen skog varierer i forhold til treslag og veksestad, og fleire faktorar påverkar val av tidspunkt for hogst. Generelt er den rette *biologiske* alderen for hogst når årleg tilvekstkurve flatar ut (kuliminerar). For gran er denne alderen om lag 60-80 år her i Hordaland. Areal som vart planta på 50-70 talet vert ofte hogd bestandsvis, såkalla *flatehogst*. Fordi denne skogen er einsaldra, må ein som regel hogge heile bestanden. Om ein set igjen noko av skogen, vil han vere ustabil og sårbar for vindfall. I dei meir varierte skogane av treslag og alder, vil *plukkhogst* av dei største og beste trea vere hogstforma.

## Forvaltaransvar

Som skogeigar har ein eit lovpålagt forvaltaransvar for alle skogbrukstiltak på eigedomen.

Skogeigaren skal ha oversyn over miljøverdiar i eigen skog og ta omsyn til dei ved gjennomføring av

alle tiltak i skogen. Ved innleidd arbeidskraft i skogen må skogeigaren sjå til at lovverket vert følgt. Dei fleste skogsentreprenørane er miljøsertifiserte. For ordinær maskinell hogst av skog er det ikkje tilskotsordningar. Om terrenget er krevjande og bratt kan ein søkje Fylkesmannen om tilskot til drift med taubane.

Kontakt [www.vestskog.no](http://www.vestskog.no) eller [www.nortommer.no](http://www.nortommer.no) for faglege råd og avtale om hogst av skog.

## Skogfond

Ved all hogst av skog i Noreg må skogeigar setje av 4–40 % av bruttoverdien av tømmeret. Generelt oppmodar ein skogeigar til å avsetje om lag 10 % som skogfond. Avsetjinga vert kalla *skogfond* og tilhøyrar skogeigedomen. Ved eigarbytte av skogen følgjer skogfondet eigedomen. Skogfondet er ei særst gunstig ordning for skogeigar, ved at midlane kan nyttast til å finansiere nye skogbrukstiltak. Nokre døme på bruk av skogfond er kjøp av planter, arbeid med ungsogpleie og skjøtsel, bygging og vedlikehald av skogsvegar, skogforsikring og skogbruksplan. Ved avsetjing som skogfond, får skogeigar 85% skattefritak på desse *inntektsmidlane*.

Kontakt skogbruksansvarleg i kommunen for faglege råd om skogfond.

Les meir om dette på *Landbruksdirektoratet* sine nettsider: <http://www.skogfond.no>

## Skogsvegar

Det er ofte trong for veg om ein skal nytte ut skogressursane på eit gardsbruk. Som hovudregel er det nødvendig å søkje om løyve til å byggje ein skogsveg. Hjelp og rettleiing får du i kommunen.

Nokre vegar er det mogeleg å få tilskot for å byggje, dette gjeld i hovudsak skogsbilvegar. Til desse er det særlege krav til stigning, kurvatur, vegbreidd mm.

Mykje kan ein finne svar på her : <http://skogsvei.no/>

# Andre produksjonar, tilleggsnæring og anna næring

Ein landbrukseigedom kan vere eit godt utgangspunkt for næringsverksemd som ikkje kjem direkte inn under jordbruk eller skogbruk. Det er vanleg å skilje mellom tilleggsnæring og anna næring. Skiljet går mellom kva som kan tilskrivas garden og eigedomen og kva som ikkje gjer det.

Tilleggsnæring er verksemd bygd på garden sine ressursar. Det er produksjon av varer og tenester, der du nyttar føretaket og eigedomen til anna enn jordbruk og skogbruk. Det kan vere maskinkøyring, brøyting, foredling av matvarer, gardsrestaurant, utleige av rom og hytter, velferdstenester, småkraftverk, sal av ved, osb.

Anna næring er næring du driv med i tillegg til jordbruksføretaket, og som ikkje er avhengig av gardsdrifta. Det kan vere eit transportbyrå, ein maskinstasjon, ei konsulentteneste, osb.

Det er egne støtteordningar for tilleggsnæringar. Ein kan søkje om egne midlar frå Innovasjon Noreg til investeringar.

Inntekta frå tilleggsnæring kan inngå i jordbruksinntekta til føretaket.

I Hordaland er mange eigedomar for små for å drive heiltidsjordbruk. På mange gardar skapar tilleggsnæringar større økonomisk gevinst enn den tradisjonelle landbruksdrifta. Det har dei siste åra vore ei positiv utvikling av landbruksbaserte næringar.

Innan tilleggsnæringar finst det ulike tilskot, særleg gjennom [Innovasjon Noreg](#) sine ordningar. Hugs å utarbeide ein god forretningsmodell.

## Produksjon av lokalmat

Forbrukarane ønskjer, i aukande grad, å kjøpe norske matspesialitetar. Noreg har råvarer i verdsklasse. Mange bønder tek hand om større delar av verdikjeda sjølve. Det er i dag stor aktivitet i lokal produksjon av mat og drikke og det har vore lett å omsetje lokale kvalitetsvarer. Her er framleis eit stort vekstpotensiale. Nokon startar eiga foredling med utsal av varene eller lagar til måltid som vert servert på garden. Desse kan oppnå ein høgare pris på varene, men det er også eit meirarbeid som må takast med i reknestykket. Andre vel å selje produkta sine på marknader og lokale butikkar og utsal, for på den måten få meir att for varene og arbeidet. På [Mattilsynet](#) sine nettsider finn du regelverk for produksjon og sal av mat og drikke.

## Gardsbasert reiseliv

Det ligg eit stort vekstpotensiale i reiselivsnæringa. Dette gjeld både nærturisme (eigen region) og den nasjonale og internasjonale marknaden. Turistar ønskjer tilrettelagde opplevingar, og opplevingsbransjen er den delen av reiselivet som veks raskast med omsyn til verdiskaping. Her har landbruket, med sine ressursar på eigedomen og i utmarka, mykje å by på. Det å vere på ein gard og å få ta del i aktivitetar har stor verdi i eit urbant liv.

Organisasjonen [Hanan](#) er den største organisasjonen innan gardsturisme i Noreg.

## Inn på tunet

Inn på tunet er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Godkjente gardar tilbyr aktivitetar som gjev meistring, utvikling og trivsel. Velferdssektoren står framfor store utfordringar og her kan landbruket tilby gode løysingar. Dei viktigaste brukargruppene for Inn på tunet-tilbod er born og ungdom, menneske med demens og menneske med psykiske utfordringar. Godkjenningsprosedyre og meir informasjon om Inn på tunet finn du på [her](#).

[Fylkesmannen](#) har eit regionalt koordineringsansvar for Inn på tunet

## Andelslandbruk

Andelslandbruk går ut på at du som bonde sel deler av- eller heile produksjonen din på førehand. I dag er mange forbrukarar opptekne av rein eller økologisk mat og ønskjer innsyn i produksjonsprosessen. Andelslandbruk gjev deg høve til å inngå eit samarbeid med forbrukarar, der avling og risiko ved valt produksjonsform vert delt. Omsetningsforma legg spesielt vekt på berekraft i alle ledd: både for jorda, plantar, dyr, bonden og forbrukar. Det er ikkje krav om økologisk drift, men til no har det vist seg at det som regel er denne driftsforma deltakarane ønskjer seg.

Denne nyskapande omsetningsforma har auka kraftig i omfang, både i Noreg og i mange andre stader i verda, dei seinare åra. Andelslandbruk er eit døme på korleis forbrukarar og bønder kan samarbeida om produksjon av mat. I prinsippet kan dette nyttast i alle produksjonar. Til no er det flest grønsaksproduksjonar som har valt denne drifta, men ein ser også fleire andelslandbruk som tilbyr produkt frå husdyr og fleirårige kulturar.

Lurar du om dette er noko for deg? Ta kontakt med andelslandbruksprosjektet i *Oikos – Økologisk Noreg*, sjølv om du ikkje driv økologisk. *Oikos* er nasjonal koordinator for nettverket av andelslandbruk i Noreg, og arrangerer kurs og nettverksmøte.

Meir info finn du på [www.andelslandbruk.no/](http://www.andelslandbruk.no/)